

FLYKTNINGTENESTA

Flyktingtenesta i Hjartdal kommune

Hjartdal kommune busett flyktingar etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Dette er menneske på flukt, som har fått opphaldsløyve i Norge. Hjartdal har tatt imot flyktingar sidan 2013. Vi har fleire store familiar og nokre einslege, som er busett i heile kommunen. I 2018 bur det nesten 70 flyktingar, som har rett til opphald i kommunen vår.

Flyktingtenesta legg til rette for at flyktingar, som bur i Hjartdal, kan skape seg eit sjølvstendig liv og bli likeverdige samfunnsborgarar. Kommunen får integreringstilskot frå staten www.imdi.no/tilskudd i 5 år, mest dei første 3 åra.

Flyktingtenesta administrerer introduksjonsprogrammet, som alle vaksne flyktingar har rett og plikt til å delta i. Det administrative ansvaret for **vaksenopplæringa** er lagt til Flyktingtenesta, som frå august 2018 er eiga eining.

Programmet har som mål å gje grunnleggande norskkunnskaper og innsikt i norsk samfunnsliv, samt førebu nyleg busette flyktingar på yrkeslivet eller ordinær utdanning. Vi er også ein koordinator mellom ulike instansar og flyktingen. Tenesta gjev rettleiing til flyktingar, og er ein samtalepartner for alle som har med flyktingar å gjere.

Integrering handlar om ein prosess, der deltakarane kan oppleve tryggleik, tillit og trivsel. Når du føler at du har ein plass i lokalsamfunnet, får bruke egne ressursar, når du har nettverk og barna har venner, har du også betre føresetnader for å lære norsk og delta i arbeids- og samfunnsliv.

Integrasjonsarbeidet i kommunen handlar om dei rettane barn har til ein bra skule og trygge oppvekstvilkår, det handlar om å analysere krefter og motkrefter som bidreg til avstand mellom grupper, om å redusere sosialøkonomisk forskjellar og at kvinner og menn deltek på like vilkår i familie og samfunnsliv.

Ei vellukka integrering er avhengig av at heile lokalsamfunnet bidreg. Som kommune kan vi legge til rette for gode møteplassar, men det er *i* møtet og *i* samspelet at integrasjon skjer. Hjartdal kommune inngår avtaler med frivillige lag, som ønsker å bidra til ekstra innsats, for å inkludere flyktingar i sosiale nettverk og aktivitetar.

Adresse:

Postadresse: Hjartdal kommune, Saulandsvegen 414, 3692 Sauland

E-post: postmottak@hjordal.kommune.no

Besøksadresse: Hjartdal kommune, kommunehuset, Sauland

Nyttige lenker:

- Introduksjonsprogram for nyleg busette flyktingar (lenke: <http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/introduksjonsprogram/>)
- Opplæring i norsk og samfunnskunnskap (lenke: <http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/norskopplaring/>)

TENESTEOMTALER

- Introduksjonsprogram for nyleg busette flyktningar (lenke: <http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/introduksjonsprogram/>)
- Opplæring i norsk og samfunnskunnskap (lenke: <http://www.imdi.no/opplaring-og-utdanning/norskopplaring/>)

(Viss ikkje tenesteomtalen ligg på same sida som omtala av flyktningteneste, må det leggast sist i teksten også i tillegg til under tenesteomtaler)

ÅPNINGSTIDER OG TIMEBESTILLING

Vaksenopplæringa

Undervisning skjer mellom kl 0900-1400.

Samtaler etter avtale.

Frå hausten 2018 har vi tilbod om eksamensretta grunnskule for vaksne over 2 år. Dei som tek grunnskulefag har 3-4 dagar på skule og ein til to dagar i praksis.

TILSETTE OG KONTAKTINFORMASJON

Einingsleiar: Torunn Hovde Kaasa

torunn.hovde.kaasa@hjartdal.kommune.no

sentralbord: 35028000

mobil: 99366077

Programrådgjevar: Akili Christophe Kahindo, mobil: 40098911

Lærer vaksenopplæringa: Ingunn Furuvald

mobil: 98487223

Lærer/spesialpedagog: Toril Grindbakken

mobil: 95788439

Miljøterapeut: Une Tveitan (turnus 50%, dagtid 50%)

Miljøarbeidar: David Mundal (turnus 60%)

Ansvarsområde

Programrådgjevar

- Følgje opp og sikre progresjon i introduksjonsprogrammet
- Råd og rettleiing
- Koordinere kvalifiseringstiltak i introduksjonsprogrammet
- Praktisk arbeid rundt busetting av flyktningar
- Sosialt arbeid
- Følgje opp språkpraksisplassar

- Tverrfagleg samarbeid

Lærer

- Undervise i norsk og samfunnskunnskap
- Grunnskuleopplæring
- Spesialpedagogisk undervisning
- Tilrettelegging for deltakarar i språkpraksis og pedagogisk oppfølging av arbeidsretta norsk

Skuleassistent/Språkassistent

Vere med i undervisninga.

Miljøterapeut/koordinator

- Koordinere og følgje opp tiltak for deltakarar med spesielle behov
- Burettleiing
- Individuelle samtaler med foreldre
- Foreldrerettleiing i gruppe og individuelt. ICDP ansvarleg.
- Tilrettelegging av aktivitetar for barn og unge
- Tverrfagleg samarbeid som gjeld barn
- Praktisk arbeid rundt busetting

Miljøarbeidar/aktivitetskontakt

- oppfølging av einslege mindreårige
- oppfølging av aktivitetar for barn og unge
- praktiske gjeremål

INTRODUKSJONSPROGRAM

Programrådgyvarane ved Flyktingtenesta gjer vedtak etter [Lov om introduksjon](#), for dei som er omfatta av rett og plikt til introduksjonsprogram.

Programrådgyvarane gjev oppfølging og rettleiing av deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Kommunen gjev eit individuelt tilpassa introduksjonsprogram på inntil 2 år, Programmet er heilårleg og på full tid, basert på ein individuell plan, som blir utarbeidd saman med den enkelte deltakar. Etter ei konkret vurdering av oppnådde resultat, kan introduksjonsperioden utvidast med inntil 1 år.

Programmet skal innehalde tiltak, som skal førebu dei på å leve og arbeide i det norske samfunnet. Introduksjonsprogrammet er sett saman av norskopplæring og

samfunnskunnskap, språkpraksis og tiltak som bidreg til auka kulturforståing, familierettleiing og tiltak, førebur deltakarane på utdanning og/eller arbeid.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (**IMDi**) har ansvar for å rettleie kommunane i arbeidet med introduksjonsordningen.

Målsetting

Introduksjonsprogrammet skal gje grunnleggande kunnskap i norsk og innsikt i norsk samfunnsliv. Målet er å førebu nyleg busette innvandrarakar på å bli økonomisk sjølvstendige gjennom å skaffe seg arbeid, eller utdanning, med sikte på ei yrkesaktiv framtid.

Introduksjonsloven §1

Formålet med denne loven er å styrke nyankomne innvandreres mulighet for deltakelse i yrkes- og samfunnslivet, og deres økonomiske selvstendighet.

Vaksenopplæringa

UNDERVISNING

Vi har tilbod om

- Norskundervisning til innvandrarakar
- Spesialpedagogiske oppgaver

Norsk med samfunnskunnskap

- Norskgruppe A - Alfabetisering og begynneropplæring
- Norskgruppe B – Nivå A1-A2
- Norskgruppe C – Nivå A2- B1
- Obligatorisk kurs i samfunnskunnskap, 50 timar etter behov

Grunnskule for vaksne

- Grunnskuleopplæring er eit tilbod til vaksne, som av ulike årsaker ikkje kan dokumentere, eller ikkje har gjennomført grunnskule.

Vaksenopplæringa har lokale sentralt på Saulandtunet.

EiNSLEGE MINDREÅRIGE

Vi har ansvar for ungdommane til dei er 18, men følgjer dei i fem år etter det. Fram til dei er 18, får ungdommane tildelt verge, for økonomisk bistand.

Buretleiing

- Oppfølging i eigen heim, der dei bur saman med andre familiemedlemmer. Oppfølging når dei flyttar på eigne hyblar.
- Lære om strømforbruk, søppelsortering, reinhald, økonomi, kosthald og helse osv.

Tilsette

- Trygge vaksne, som skaper kontinuitet og bygger tillit
- Oppfølging og rettleiing av enkeltpersoner etter individuell plan.
- Samtaler om utfordringar, som gjeld skule og fritid, og daglige gjeremål.

Helserettleiing og oppfølging

Helsestasjon v/helsesøster gjev råd og rettleiing, samt underviser i helserelaterte spørsmål.